



Tingvoll, 11.2.2024

Molde kommune  
[postmottak@molde.kommune.no](mailto:postmottak@molde.kommune.no)

**FRÅSEGN – OFFENTLIG ETTERSYN: SØKNAD OM UTVIDELSE AV BIOMASSE OG ANLEGG – AquaGen AS**

Etter avtale med Naturvernforbundet i Molde vil fylkeslaget uttale seg til denne søknaden, sidan fleire kommunar blir noko påverka.

Søknaden skal dekke nokre behov knytt til oppdrettsnæringa. Dette er ei næring som i årevis har fått dekt behov, med den følge av at vi no har svært mange laksevassdrag som er svært forstyrta av oppdrettsfisk. Heile fjordsystem er påverka av overgjødsling, og vill fisk blir påverka av smitteproblem knytt til tamfiskproduksjonen. Dette fordi oppdrettsnæringa sine behov og økonomiske interesser har vore prioritert framfor naturen sine behov.

Verksemda knytt til lokalitet Merraberget har i årevis vore lokalisert svært nær grensa for ein nasjonal laksefjord. Viss ein kunne ha lagt grensa for den nasjonale laksefjorden før det fanst fiskeoppdrettslokalitetar i fjorden, skal ein ikkje sjå bort frå at grensa hadde vore trekt lenger ut.

Føremålet med denne søknaden oppfatar vi som tosidig, å gjere det mogleg å sanere ein lokalitet som ligg for nær andre lokalitetar, og auke volumet til saman. At ein lokalitet kan utgå vil i utgangspunktet vere ein fordel i eit fjordsystem der det er mykje tamfisk og utslepp av fiskeskit. Men det er viktig at utgåande lokalitet ikkje blir tilgjengeleg for anna oppdrettsverksemd.

Vi meiner at ein burde ha vurdert alternativ i form av at ein sanerte lokaliteten ved Merraberget også, og erstatta denne med ei løysing lenger ut i fjorden.

At volumet med tamfisk skal aukast med denne søknaden meiner vi er til ulempe for fjordsystemet, sidan sumverknaden av oppdrett i området er stor. Vi meiner difor at ei auke må ha som vilkår at tilsvarande produksjon lenger ut i fjordsystemet då må gå ut.

Når det gjeld naturundersøking finn vi i dokumentet som går gjennom behovet for konsekvensutgreiing side 11: *«Det er ikke registrert noen korallrev i tiltaksområdet, nærmeste registreringer av korallrev er ca. 21 km nordvest for tiltaksområdet.»*

Vi meiner det skulle ha vore ei vurdering av om kvifor det ikkje er korallrev nærare. Kan det vere at det ikkje er gjort undersøkingar? Eller er det noko med fjorden som gjer at ein kan sjå bort i frå denne moglegheita? Så lenge slike vurderingar ikkje er kjent, må ein legge til grunn at det ikkje er undersøkt noko om korallar i området. Det er noko anna enn at det ikkje finst.

Vi beklager elles at vi trassar vilkåret om at heile Åkerblå sitt dokumentet må leggest ved samla. For at de skal sjå alt i Åkerblå sin samanheng, bed vi difor om at de les heile Åkerblå sitt dokument for dykk sjølve.

Med helsing

Øystein Folden  
Fylkessekretær

